

| | | | |
|-------------------------------------|------------|-----------------------------------|---------------------|
| Organ: REPRESENTANTSKAPET | Arkivkode: | Saks nr.: Hovudutskrift | |
| Møtestad: Sandane | Kode: | Sakshandsamar: IBA | Dato: 29.04.2022 |

Møte i Representantskapet i NoMil

Eidsmona - Sandane, fredag 29.04.22 kl. 11:00 – 12:00

Nestleiar av representantskapet Sidsel Kongsvik ynskte velkommen og gjennomførte opprop.

Deltakarliste følgjer vedlagt.

Til å skrive under møteboka vart valde: Gunn Sande og Odd Bovim

SAK 01/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Innkalling og sakliste vert godkjent

Representantskapet sitt

VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

SAK 02/22: ÅRSMELDING OG REKNESKAP 2021

| | | | |
|------------------------|--------|--------------|------------|
| Tidlegare handsaming : | Organ: | Saksnr. | Møtedato |
| | Styret | 09 og 10 /22 | 21.03.2022 |

Det vert vist til vedlagt Årsrapport 2021 med årsmelding og årsrekneskap med notar.

Styret sitt

VEDTAK

Årsmelding datert 31.12.2021 / 21.03.22 vert godkjent som styret si årsmelding for driftsåret 2021.

Styret si

INNSTILLING

Styret tilrår at den framlagte rekneskapen datert 31.12.2021 / 21.03.22 vert fastsett som selskapet sitt rekneskap for driftsåret 2021.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Innstillinga frå styret vart samrøystes vedteken.

| | |
|---------|--|
| Sign. : | |
|---------|--|

| | | | |
|-------------------------------------|------------|-----------------------------------|---------------------|
| Organ: REPRESENTANTSKAPET | Arkivkode: | Saks nr.: Hovudutskrift | |
| Møtestad: Sandane | Kode: | Sakshandsamar: IBA | Dato: 29.04.2022 |

SAK 03/22: REVISJONSMELDING FOR 2021

Det vert vist til Revisjonsmelding 2021

Administrerende direktør si

TILRÅDING

Representantskapet tek revisjonsmeldinga for 2021 til vitande.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Innstillinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedteken.

SAK 04/21 VAL AV STYRANDE ORGAN I NOMIL

| | | | |
|-----------|--|----------------|-----------------------|
| A) | Styremedlemmer | Kommune | Periode (2 år) |
| | • Gunnvor Sunde | Gloppen | 2022-2024 |
| | • Sven Flo | Stryn | 2022-2024 |
| | • Jan Henrik Nygård | Kinn | 2022-2024 |
| B) | Varamedlemmar | Kommune | Periode (2 år) |
| | • Per Ståle Husevåg | Gloppen | 2022-2024 |
| | • Ellen Hilde Hauge | Stryn | 2022-2024 |
| | • Kari Larsen | Kinn | 2022-2024 |
| C) | Leiar og nestleiar til styret | Kommune | Periode (1 år) |
| | • Sven Flo | Stryn | 2022-2023 |
| | • Siri Sandvik | Stad | 2022-2023 |
| D) | Leiar og nestleiar til representantskapet | | Periode (1 år) |
| | • Leidulf Gloppestad | Gloppen | 2022-2023 |
| | • Sidsel Kongsvik | Kinn | 2022-2023 |
| E) | Valnemnd. | | Periode (3 år) |
| | • Jorunn Frøyen | Bremanger | 2022 - 2025 |
| F) | Val av revisor: | | Periode (1 år) |
| | • Vestland Revisjon Kommunale Oppgåvefelleskap | | 2022-2023 |

Medlemmane og varamedlemmane i klagenemnda er valde for inntil 4 år, med funksjonstid fram til nytt representantskap har konstituert seg og valt ny klagenemnd.

Representantskapet sitt vedtak

VEDTAK

Innstillinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

| | |
|---------|--|
| Sign. : | |
|---------|--|

| | | | |
|-------------------------------------|------------|-----------------------------------|---------------------|
| Organ: REPRESENTANTSKAPET | Arkivkode: | Saks nr.: Hovudutskrift | |
| Møtestad: Sandane | Kode: | Sakshandsamar: IBA | Dato: 29.04.2022 |

SAK 05/22 GODTGJERSLE TIL STYRET

Viser til Representantskaps sak 06/20 Godtgjersle til styret

I flg. § 9 i vedtektene for Nordfjord Miljøverk IKS skal representantskapet fastsette godtgjering til og styret. Administrasjonen sitt forslag til satsar gjeldande frå 2022:

Tabell 1:

| Møtegodtgjersle: NoMil 2021 | Gjeldande satsar |
|---|------------------|
| Styreleiar / fast pr. år. | 50.000,- |
| Nestleiar / fast pr. år. | 10.000,- |
| Styremedlemmar / fast pr. år. | 5.000,- |
| Fast møtegodtgjersle for alle møtande medlemmar og vara | 1.000,- |
| Dokumentert tapt arbeidsforteneste pr. møtedag dekka med inntil | 4.600,- |
| Udokumentert tapt arbeidsforteneste pr. møtedag | 1.500,- |
| Leiar i representantskapet pr. år. | 0,- |
| Møtegodtgj. leiar, medlemmar/vara i representantskapet/valnemnd/klageutv. | 0,- |

Administrasjonen innstiller ovanfor representantskapet å vidareføre satsar vedteke i 2021. Forslaget er ei vidareføring av gjeldande ordning der NoMil ikkje betaler godtgjersle til medlemmar i representantskapet jf. kommunelova §42.

Administrerande direktør si

TILRÅDING

Representantskapet vedtek satsar for møtegodtgjersle for styret jf. tabell 1.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Innstillinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedteken.

SAK 06/21 ORIENTERINGAR

Status frávær og personale

- Sjukefráværet i 2021 var på 2,41%, ein nedgang frå 5,2% i 2020. Fráværet i 2021 var 153 dagar (15%) mellom 1-16 dagar, 436 dagar (46%) med langtidssjukmelding og 407 dagar (39%) var barns sjukdom/foreldrepermisjon mm.
- Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell / arbeidsrelatert sjukefrávær i 2021.
- I februar 2022 var det eit arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefrávær etter utforkøyring med renovasjonsbil i Oldedalen
Personalsituasjonen og arbeidsmiljøet i verksemda er god.

Status drift

- Drifta på hovudanlegg fungerte som forventa, mengde avfall var marginalt mindre, og aktivitet elles tilbake til normal som før koronapandemien.
- Normal drift i renovasjonsavdelingane og på alle gjenbruksstasjonane.

| | |
|---------|--|
| Sign. : | |
|---------|--|

| | | | |
|-------------------------------------|------------|-----------------------------------|---------------------|
| Organ: REPRESENTANTSKAPET | Arkivkode: | Saks nr.: Hovudutskrift | |
| Møtestad: Sandane | Kode: | Sakshandsamar: IBA | Dato: 29.04.2022 |

- Samarbeid med kommunane om oppgradering av gjenbruksstasjonen i Vedvik og etablering av ny stasjon i Bremanger
- Endring i leveringskostnad restavfall grunna forbrenningsskatt
- Mogelege endringar i driftskostnader knytt til avfallshandtering og renovasjonsavdelingane grunna endra drivstoffkostnader

Status etablering av biogass-produksjon i regionen

- Orientering om status.

Samarbeid med dei andre renovasjonsselskapa

- Orientering om status for samarbeid med Sunnfjord Miljøverk og SIMAS

Slamordning, vurdering av felles anbod

- Vurderingar knytt til mogeleg samarbeid

Eigarskap Retura NoMil AS

- Orientering om bakgrunn for saka, status og det vidare arbeidet.

Representantskapet sitt

VEDTAK

Representantskapet tek orienteringar til vitande.

| | |
|---------|--|
| Sign. : | |
|---------|--|